



Hogne Askeland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/811 - 15/6318

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
04.06.2015

## Byggesak Gbnr 16/4 Mjøs - bruksendring grindløe - oversending for uttale

Løa på Basthaugen gard er ei eldre grindløe med murte veggar i sør og i vest. Løa er forholdsvis stor for å vera på Radøy. I følgje Sefrak-registreringane er løa frå tidleg 1900-tal, men meir sannsynleg datering er tidleg 1800-tal.

Løa er ein representant for byggjeskikken i Nordhordland med steinmurte grindløer, vakkert plassert i landskapet. Det finst framleis fleire slike att i Radøy, men mange av dei er i dårlig stand. Det er difor avgjerande at ein er merksam på desse bygningane, og at eit utval av dei vert tatt vare på.

Innan kulturminnevernet ser ein bruk som ein avgjerande faktor for at ein skal klara å ta vare på bygningar. Ny bruk av gamle bygg er såleis noko kulturminnevernet ser positivt på, så lenge ein tar omsyn til kulturminneverdiane i bygga på ein god måte.

Kulturminneansvarleg har sett på teikningane og planane for bruksendring for løa på Basthaugen. Stort sett ser det ut til at bygget vert uendra utvending, og murane både i sør og vest skal stå uendra. Innvendig har ein vald å ta vare på dei delane av grindverket som skal gjenbrukast.

I dag er det bøljeblekk på taket på løa, medan det ikkje går fram av skrivet kva som er planlagd på taket framover. Det bør veljast eit tak som er i tråd med lokal byggjeskikk på løer.

Kulturminneansvarleg meiner at planane for dette bygget tar omsyn til kulturminneverdiane, og er positiv til planane for løa slik dei er skisserte i vedlagde skriv og teikningar.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hogne Askeland